

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil. Mongstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Gunn Åmdal Mongstad ikkje var inhabil.

Gunn Åmdal Mongstad tiltredde saksbehandlinga.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
Nytt punkt 5
Fylkesutvalet innvilgar søknaden frå HAFS regionråd om støtte til geopark».

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Endring:
Justert punkt 5
Den økonomiske situasjonen til Vestland fylke gjer likevel at fylkesutvalet på noverande tidspunkt må avslå søknaden».

Avrøysting

Fylkessdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Andersen sitt forslag vekk 3 røyster (R, FNB og 1Sp) og fall.

Strømmen sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (FNB, Frp og 1Sp)

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at regionalparkane i Vestland som er etablerte eller er under etablering, er gode regionale utviklingstiltak. Vestland fylkeskommunen er ein medspelar på denne typen verdiskaping, og vil stø initiativ i kommunar og lokalsamfunn.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen vurdere satsing for å sikre brei verdiskaping på kulturmiljøområdet, og som også er retta mot utviklingstiltak i regionalparkane. Evt nye ordningar skal forvaltast av Hovudutval for kultur, idrett og integrering.
3. Økonomiske behov vert å sjå i samanheng med budsjettet for 2022.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å legge fram forslag til retningsliner og innretting av ei eventuell tilskotsordning.
5. Den økonomiske situasjonen til Vestland fylke gjer likevel at fylkesutvalet på noverande tidspunkt må avslå søknaden